

Navet Ivar Aasen

Tale ved opninga av nytt felles NAV-kontor for Ørsta og Volda, 30. juni 2014

Takk for invitasjonen og gratulerer med nytt kontor og samlokalisering.

Då Ivar Aasen blei fødd for 200 år sidan, låg sentrum av Ørsta og Volda geografisk sett like langt frå kvarandre som i dag. Avstanden har i reisetid krympa betrakteleg sidan då, men heimplassen til Aasen, ligg framleis like midt i mellom. Han blei sjølv skriven inn i kyrkjebøkene begge stadene, som døypt i Ørsta og konfirmert i Volda. Gift blei han aldri. Det nærmaste han kom var ei forloving i Herøy, men den blei det ikkje noko meir av, så balansen forblei intakt, og det blei aldri verken barnebidrag eller pappa-perm på han.

Ivar Aasen er eit frampeik på ein god kombinasjon av det dei to bygdebyane har vore kjende for, entreprenørskapen frå Ørsta og den akademisk faglege tyngda frå Volda. Sjølv synest han det tok lang tid før han kom skikkeleg i gang med det store arbeidet han tenkte på alt som 22-åring: Å gjere det norske folkemålet til eit skriftspråk.

Etter å ha arbeidd som huslærer på Solnør gard i Skodje i åtte år, syntest han tida var overmogen for å kome vidare. 28 år gamal tok han med seg to jobbsøknader, eit herbarium og ein sunnmørsgramatikk, og reiste til Bergen der han oppsøkte det som blei hans private arbeidsformidling. Dåtidas NAV-kontor for akademiske talent låg i *de Høiere Kredse*. Han søkte opp biskop Neumann som hadde vore på visitas i Volda tidlegare, og var difor ein Aasen kjende godt til. Biskopen hadde det travelt, og gong på gong kom den pågåande jobbsøkaren til stengd dør. Då han endeleg kom seg innanfor og stod i den fornemme salongen hos biskopen, blei Aasen forskrekka. Der var damer til stades, og gjesten kom i skade for å spytte på golvet. Men berre ein gong.

Biskop Neumann fatta interesse og bad Aasen om å skrive ein utvida CV, ein sjølvbiografi. Seks timar seinare var CV-en på to tettskrivne A4-sider klar, og Neumann sende sine tilrådingar til vitskapselskapet i Trondheim om å gi Ivar Aasen stipend for å reise

rundt på jakt etter det norske folkemålet. Det tok eitt år før han fekk svaret, men frå då av, i 1842, hadde han fast arbeidsstipend livet ut. Først ni år frå vitskapselskapet og etterpå frå Stortinget, då han i 1851 blei den første statsstipendiaten i Noreg.

Seinare i livet var det dette statsstipendet som gjorde Ivar Aasen til eit personleg NAV-kontor, særleg for sunnmøringar, i Kristiania. Fleire bondestudentar som kom til hovudstaden søkte opp Ivar Aasen og fekk milde gåver, om dei var behovsprøvde eller ikkje, er ikkje godt å seie. Sambygdingen Anders Hovden var ein dei som jamleg var på besøk på hybelen til Aasen, og dei skreiv begge i dagbøkene sine om møta. Der Hovden greidde ut om kor triveleg det hadde vore på besøk og kva dei snakka om, skreiv Ivar Aasen: A.H. 50 kr.

Det var fleire som nytte godt av Aasen sitt hjartelag, mellom anna trengande som han gjekk forbi på gata. Ryktet spreidde seg om at Aasen var raus, noko som førte til at også tiggjarane etter kvart oppsøkte han på døra. "Eg er i skatteklasse ein, for eg har ingen å forsørgje. Det kan nok hende at det er eg som har den største familien", sa mannen med dei mange tiggjarane han livberga.

Ivar Aasen blei svært gamal, for si tid, men han blei aldri pensjonist. Då han var 75 hadde han utretta det meste av det han sjølv hadde tenkt trengdest for å byggje eit levande språk. Men arbeidet hans heldt fram etter det, mellom anna som rådgivar for andre diktarar og språkfolk. Han blei eit personleg språkråd og ein mann mange såg opp til.

Målaren Lars Osa fortel om ein aldrande mann som kunne hatt behov for ulike tekniske hjelpemidlar i heimen, men alt vi har av slikt etter Aasen, er ei lupe og to stokkar. Osa masa seg nemleg til å få lage eit portrett av Ivar Aasen. Alle som hadde spurt før han, hadde fått nei. Vinteren 1895 var Osa dagstøtt på besøk ein månads tid for å feste Aasen til lerretet. Modellen sat for det meste ved skrivebordet og las, men etter middagen, som han fekk servert på hybelen kvar dag, reiste han seg og gjekk bort til ei trekiste i hjørnet der han skjenka seg ein liten

"kolokvinter". Og dette vesle ritualet tok tid for 81-åringen. Lars Osa fortel at han for moro skuld talde stega til Ivar Aasen fram og tilbake til trekista. Hybelen var ikkje stor, men det blei alltid 115 fram og 110 tilbake. Om det kom av styrken han henta frå drikka eller at det var med han som køyrehestane at det gjerne gjekk raskare på heimvegen, det ville ikkje Osa spekulere i.

Stega som gamal var korte, men han la i løpet av livet bak seg fleire kilometer gjennom landet enn nokon andre i si samtid, ein stor del også til fots. Skorne som vi har etter han i Aasen-tunet, viser sine tydelege teikn på ein som har gått langt, og måtte klare seg med dei hjelpemidlane dei hadde på den tida. Begge skorne er slitne i same vinkel, på skrå utover til høgre, forma av skeive bein.

Han viste at også den som trør skeivt kan nå langt.

Gaute Øvereng